

Forlenga sykkel- og gangbane viktig programpost

28.01.2011



Det er ingen spør å vera fotgjengar langs fylkesvegen mot Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er stort behov for forlenga sykkel- og gangbane i retning mot Herøysund og Høgre har dette som ein post i programutkastet sitt.

Der strekast det under både at arbeidet med sykkel- og gangbane i Herøysund må koma igang og at det også må lagast plan for ein slik bane frå sentrum i Uskedalen og fram til der vegen mot Børnes tar av.

-Det er svært mykje tungtrafikk på fylkesvegen og lags vegen utover Eikelandet går det mange, ikkje berre skulebarn. Dette er ein farleg strekning og behovet for gang- og sykkelbane er stort, seier leiar i Høgre Gunn Mari Moberg i ein kommentar til uskedalen.no.

Ho legg til at partiet vil prioritera auka satsing på trafikksikring i heile kommunen.

Også dette partiet jobbar for ein indre kyststamveg og har ellers mellom andre desse postane i programutkastet sitt:

*Kommunen må driva ein langt meir offensiv næringspolitikk og samarbeida tettare med næringslivet.

Tilretteleggjing og marknadsføring av industriareal må skje gjennom eit eige tomteselskap.

*Innbyggjarane må få større råderett over arealbruken, fylkesmannen mindre.

*Det må tenkjast meir langsiktig for å sikra nok tomteareal. Målet må vera godkjent areal til minst 1000 nye bustadhus, 1000 nye leilegheiter, 1000 nye nytter og 1000 nye naust.

*Ny idrettshall og friidrettsanlegg på Husnes.

*Støtte opp om lokale kulturarrangement med tilretteleggjing og

økonomiske garantiar.

*Omorganisering og konkurranseutsetjing av enkelte tenester.

*Bufellesskap for pleietrengjande i alle bygdene, som Myro og Hagetunet i Uskedalen.

*Auke av den kommunale stønaden til idrettslaga.

*Behalda dagens skulestruktur og ikkje leggja ned skular med mindre foreldra vil det.

*Starta opprustinga av skulebygga etter vedteke prioritering

* Kjøken på alle institusjonar

*Auke innsatsen mot mobbing.

*Forsterka det førebyggjande arbeidet og ettervernet mot narkotika.

*Fokus på fysisk aktivitet og symjeopplæring.

Av Ola Matti Mathisen.

*